

31.01.2025


# OPUS

## Grønmyrsvegen

Øygarden kommune, Straume. Gnr. 35 bnr. 262 m.fl.

Rapport:

NOTAT – VURDERING AV NATURMANGFALD



**FORSLAGSSTILLER: Solsio Utvikling AS**  
PlanID: 4626\_2080006  
Saksnummer: 24/14119

 OPUS BERGEN AS  
Nordre Nøstekaien 1  
N-5011 Bergen

 +47 55 21 41 50  
 post@opus.no  
 www.opus.no

## Innhald


1. Innleiing .....	3
2. Kunnskapsgrunnlag og metode.....	4
3. Naturmangfald i området.....	5
4. Mogleg påverknad av tiltak .....	8
5. Kunnskapsgrunnlag og føre-var-prinsippet.....	8
6. Avbøtande tiltak .....	9
7. Kjelder .....	9

## 1. Innleiing

I alle saker som påverka naturmangfald, krev naturmangfaldlova § 7 at vurderingane og vektleggingane med omsyn til naturmangfald (§§ 8-12) kjem frem av vedtaket. Naturmangfald definerast som «biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning».

Planområdet ligg langs Grønomyrsvegen på Straume i Øygarden kommune. Nærområdet er prega av utbygging i form av store næringsbygg/næringspark (inkludert Sartor senter), veg og infrastruktur, samt leilegheitsbygg og einebustader.

Området er frå før av regulert i detaljregulering for Grønomyrsvegen, vedteken 2019. Det har vist seg at gjeldande plan er utfordrande å gjennomføra, mellom anna på grunn av regulert formål, at det ikkje var regulert tilkomstveg til bustader på eigedom gnr/bnr. 35/66 og 35/302, behov for justeringar knyta til veg/renovasjonspunkt, samt at det i løpet av prosessen blei meldt behov for å omplassera trafostasjon. Dette notatet er utarbeida i samband med endring av reguleringsplan Grønomyrsvegen, som ei vurdering av naturmangfald knyta til tiltaket, jamfør naturmangfaldlova §§ 8 – 12.



Figur 1-1: Planområdet for reguleringsendring av Grønomyrsvegen vist i omgjevnader. Planområdet avmerkt i raud firkant.



Figur 1-2: Plankart - mindre reguleringsendring Grønmyrsvegen. Innfelt plankart oppe t.h. viser opprinnelig planområde.

## 2. Kunnskapsgrunnlag og metode

Det blei gjennomført synfaring av området 21.10.2024 av biolog i Opus. Tidspunktet er ikkje optimalt med omsyn på gjere registreringar av naturmangfald i sesong, men tilstanden på området gjer at ein likevel fekk eit god bilde av området sin vegetasjon og potensiale for trua arter eller viktig natur. I tillegg er tilgjengeleg informasjon frå nasjonale kartdatabasar som Naturbase og Artskart henta inn. Andre tilgjengelege rapportar, samt skildring av naturmangfald i samband med gjeldande reguleringsplan for Grønmyrsvegen er også nytta.

Jamfør naturmangfaldlova, legg notatet særleg vekt på førekomst av trua arter og naturtypar, viktige naturområde og framande artar i registreringane. Raudlisteartar vurderast etter Norsk radliste for arter (Artsdatabanken 2021), og framande artar vurderast etter norsk framandartsliste (Artsdatabanken 2023):

<b>Raudlisteartar</b> <i>Delast i fem kategoriar:</i>	<b>Framande arter</b> <i>med økologiske risikovurderingar delast i fem kategoriar:</i>
CR: Kritisk trua	SE: Svært høg risiko
EN: Sterkt trua	HI: Høg risiko
VU: Sårbar	PH: Potensiell høg risiko
NT: Nær trua	LO: Låg risiko
DD: Datamangel	NK: Ingen kjent risiko

### 3. Naturmangfald i området

*Kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til saken sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet, ifølgje naturmangfaldlova § 8.*


Frå Naturbase går det fram at området er registrert som økosystemtype *Annan lite vegetert mark* i kartlaget *Grunnkart for bruk i arealrekneskap* (testversjon). Det er ingen registrerte artar av nasjonal forvaltningsinteresse, eller andre naturverdiar, som er avmerkt nær planområdet. Berggrunnen i området består i hovudsak av amfibolitt, metagabbro, og grensar i sør mot tonalittisk gneis, Løsmassene er tynne med stadvis bart fjell (NGU). Dette gjer opphav til skrinn og sparsam vegetasjon.

Grøntareal i planområdet ligg som ein rest av eit eldre hei-landskap som er i attgroing med ulike trer og busker, samtidig som det er noko påverknad av hageplantar og framandartar. Terrenget er bratt, med stadvis bratte skjeringar og mykje bart fjell/knausar i dagen. Vegetasjonen er skrinn. Grøntareala grensar mot veg, parkeringsplass, næringsbygg og private hus/hagar. I nordaust er grøntområdet ein del av eit noko større, dog avgrensa, heiområde.

I bratte skrentar og koller veks mellom anna furu, osp, bjørk, gran, selje, einer, røsslyng, blåbær, tyttebær, samt mosar (i hovudsak kystkransmose) og ulike gras dominera feltvegetasjonen. Andre vanlege artar som har vore moglege å identifisera på den aktuelle årstida for synfaring (samt gjennom foto/google street view), er mellom anna geitrams, vendelrot, selje, sisselrot, einstape, revebjølle, bringebær, (by)høymol, reinlav-art, fiol-art, steinnype og landøyda. Det er ikkje registrert eller observert trua eller nær trua artar i området.

Minst to ulike spirea-artar (mogleg hekk- og japanspirea) veks i området, mest sannsynleg spreidd frå tilgrensande hageanlegg. Spirea er rekna som framandartar men i ulike risikokategoriar, frå *låg risiko* (LO) til *særs høg risiko* (SE) Dei nemnde artane er begge i kategori potensiell høg risiko (PH). Andre framande artar i området er bulkemispel (SE) og andre mispel-artar. Dei fleste misplar er framandartar i kategori særs høg risiko (SE). Nedanfor knausen i sør er terrenget planert og gruslagt.

Det er ingen registreringar i verken Artskart eller Naturbase (figur 3-1) som er direkte eller indirekte knyta til det aktuelle området. Næraste registrering av raudlisteartar er frå et bustadfelt kring 130 m i luftlinje aust for eignedomen. Her er grønfink (sårbar, VU) og gråsporv (nær truga, NT) registrert, samt fleire vanleg førekomande artar som kjøtmeis, munk, raudstrupe, skjere, spettmeis, sporvehauk, stillits, svartmeis, svarttrast, bjørkefink, blåmeis og bokfink. Det er venta at fleire av desse, samt andre fugleartar, òg mogleg enkelte små pattedyr, tidvis vil nytte det aktuelle området. Arealet er likevel avgrensa i omfang og ligg nær påverknad i form av parkeringsplass, veg og bustad. Det er lite truleg at det er eit viktig område for fugl og pattedyr.



Figur 3-1: Utsnitt frå Artskart t.v. Røde ikon tydar trua/nær trua artar, blå ikon tydar vanleg førekommande artar. Utsnitt frå Naturbase t.h. Møre- og lyseblå felt er myr, gult viser naturtype naturbeitemark og grå prikkar/brune kryss er artar av nasjonal forvaltningsinteresse. Planområdet er vist i raud ellipse. Kart henta 29.01.25.



Figur 3-2: Utsnitt av sørlege del av planområdet som vil bli påverka av reguleringsendringa. Foto: Opus 2024.



Figur 3-3: Området innehar ein god del framandartar/hageartar, truleg spreidd frå nærliggande hage. T.v.: mispel-art (dei fleste i risikokategori Svært høg risiko, SE). T.h.: spirea-art. Foto: Opus 2024.



Figur 3-4: Skråning mot aust, i bakkant av parkeringsplass. Foto frå Google Street view (april 2022).

## 4. Mogleg påverknad av tiltak

*Påverking av eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastning som økosystemet er eller vil bli utsett for, ifølgje naturmangfaldlova § 10.*

Den direkte påverknaden på naturområdet vil vere avgrensa til inngrep i bergvegg og knausar, for å leggja til rette for ny tilkomstveg til bustad i sør (eigedom 35/295, 302 og 66), og for å sikre tilfredsstillande stabilitet av planlagt skjering i nordaust innanfor o\_FRI03. Skjeringar innanfor føresegningsområde #2 skal utformast med avsatsar jf. ingeniørgeologiske vurdering (Multiconsult 2024).

Området er frå før sterkt påverka, ligg i ein utbygd samanheng og har tydeleg innslag av framandartar/hageplantar. Elles inngår restareal av tidlegare skog- og lyng-/bærlyngvegetasjon. Ut ifrå området sin plassering, karakter og vegetasjon, er det ikkje sannsynleg at området har potensiale for funn av trua arter, artar av nasjonal forvaltings-interesse eller annan viktig/sårbar natur.

Tiltak i området vil føra til ein liten reduksjon i areal av eit avgrensa grøntområde. Det er vurdert å føre til ubetydeleg-liten negativ konsekvens på økosystemet og for artar, i hovudsak fugl, som nyttar området. Det er ikkje registrert trua/sårbare artar og natur eller andre viktige naturverdiar som blir påverka av tiltak. For å fremja vidareføring og/eller reetablering av stadeigen vegetasjon, bør det leggest opp til at avsatsar i fjellskjeringa blir revegetert med topplag frå staden.

Tiltaket vil ikkje påverke funksjonsområde, naturtypar, prioriterte viltområder, verneområde etter naturmangfaldlova, verdifulle kulturlandskap, verna vassdrag/prioriterte vassdrag, inngrepsfrie naturområde (INON) eller geologisk arv.

## 5. Kunnskapsgrunnlag og føre-var-prinsippet

*Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak, jf. naturmangfoldloven § 9.*

Kunnskapsgrunnlaget skal ifølgje naturmangfaldlova § 8 stå i eit rimeleg forhold til saken sin karakter og risiko for skade på naturmangfoldet. Kunnskapsgrunnlaget bygger i dette tilfellet på synfaring av biolog i området, saman med tilgjengeleg informasjon frå nasjonale kartdatabasar som Naturbase og Artskart. I tillegg er det innhenta informasjon frå om naturmangfald frå gjeldande reguleringsplan for Grønomyrsvegen og andre tilgjengelege rapportar (synar til kjeldeliste i kapittel 7). Synfaring blei gjennomført utanfor sesong, men området er av ein karakter som gjer det mogleg å få eit godt bilde av karakter og vegetasjon.

Føre-var-prinsippet (§9) skal nyttast når ein ikkje har tilstrekkeleg kunnskap til å vite kva verknad ei avgjerd vil ha for naturmangfoldet. På grunn av området sin karakter og den svært avgrensa påverknaden reguleringsendringa vil ha på naturmangfald, vurderast kunnskapsgrunnlaget å vere godt, og tilstrekkeleg for å seie noko om verknadane tiltaket kan ha på naturmangfoldet.

## 6. Avbøtande tiltak

*For å unngå eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder, samt lokalisering av tiltak, vurderast, jf. naturmangfaldlova § 12. Eventuelle kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfald som tiltaket føra til, inkludert kostnader ved førebyggjande eller gjenopprettande tiltak, skal dekkjes av tiltakshavar, jf. § 11.*

På generelt grunnlag bør tiltak utførast på en mest mogleg skånsam måte for miljøet, og ulike løysningar vurderast med omsyn på mellom anna naturmangfald. For miljøet vurderast lokaliseringa å vere god, då tiltaket skjer i eit eksisterande sterkt påverka område, utan særskilde registrerte naturverdiar.

Innanfor friområde (FRI03 og FRI04) skal vegetasjon av stadeigne artar vidareførast. For å vidareføre mest mogleg vegetasjon i området, og dermed bøte på inngrep i eksisterande grøntområde (o\_FRI04), bør avsatsar revegeterast med vegetasjon frå staden. Det gjerast ved å ta av, mellomlagre og deretter legge tilbake stadeigen vegetasjon (vegetasjonsmatter). Metoden er gunstig ved at ein aukar sjansen for langsiktig overleving, mattene er dekkjande og frøproduserande allereie ved utplanting og det eignar seg i område der naturleg gjenvekst (utan aktive tiltak) går sakte (Hagen og Skrindo 2010).

Tilbakeføring av vegetasjonsmatter frå staden, til avsatsar i skjeringa, er sikra i føresegnene.

## 7. Kjelder

Artsdatabanken 2021, 24. november. Norsk rødliste for arter 2021.

<https://www.artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021>

Artsdatabanken 2023, 11. august. Fremmede arter i Norge – med økologisk risiko 2023.

<https://artsdatabanken.no/lister/fremmedartlista/2023>

Artsdatabanken, Artskart [29.01.25] <https://artskart.artsdatabanken.no/>

Hagen, D & Skrindo, A. B. (red.). 2010. Håndbok i økologisk restaurering. Forebygging og rehabilitering av naturskader på vegetasjon og terreng. 95 s. Forsvarsbygg.

Miljødirektoratet, Naturbase [29.01.25]

<https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>

Multiconsult 2024. Ingeniørgeologisk vurdering av skjæringsutforming. Datert 05.12.2025

NGU Nasjonal berggrunnsdatabase. Berggrunnskart og lausmassekart [30.01.25]

<https://www.ngu.no/geologiske-kart>